

Til Sveio sokneråd  
v/ leiar

## Vedr. Brev frå prostirådet i Sunnhordland

Som avtalt på Soknerådsmøte 3.april snakka eg med deltarane på MILK kurset 25.april om prostirådets ungdomsår. Her er deira svar.

1. Kva gjer vi for ungdom?
  - Ungdomsklubb på Soknehuset
  - Konfirmantundervisning med samlingar, turar og leir
  - MILK med turar og treff med andre MILK kurs deltarar
2. Kva kan vi gjere for ungdom?
  - Ungdomsklubben på Soknehuset:
    - o Informasjon om at den er for alle. Nå trur ungdommane at den berre er for dei konfirmantane som ikkje skal reise på leir.
    - o Informasjon om kor tid det er ungdomsklubb. Nå er det ingen som veit kor tid det er
    - o Informasjon om kva som skjer. Nå trur me at det er ekstra skule
    - o Heng opp plakatar på skulen og butikkane – få ut informasjon
    - o Mange ville likt å ha ein plass «å henge»
  - Samtaleteneste
    - o Ei slags «helsesøster» som var ein trygg vaksen .. som hadde opent for samtale, men som og var i miljøet slik at ungdommane blei trygge på vedkommande. Mange som slit og som kunne hatt nytte av ei vaksen å snakka med
  - «Open sone»
    - o Treff med låg terskel, med konkurransar/ quiz, fifa, premier, mat, kortspel
  - Friluftsgruppe
    - o Eit tilbod om å bli med på tur, fiske, lage bål, grille pølser.. ikkje ei gruppe ein gjekk fast i – men som ein kunne vere med når det passar –
3. Kan ungdom utfordrast til å vere med
  - MILK-kurs deltarane kunne gjerne tenkt seg å vore med på det aller meste av det me snakka om.

Og som eit lite apropos frå meg etter å ha vore på 2 ungdomsklubbsamlingar og møtt MILKarane .. kvifor er ikkje dei engasjert som leiarar på ungdomsklubben – saman med vaksenleiarar...?

Mvh

Elisabeth Fauskanger